

Sparebanken Møre i samarbeid med NTNU

Samarbeidet er forankra ved NTNU sitt nye Fakultet for økonomi ved NTNU i Ålesund. Fakultetet si målsetting er å bidra til auka innovasjonskraft og verdiskaping gjennom å samle og integrere økonomi- og teknologifag.

Eidsvik er innstilt som rådmann

Astrid Eidsvik (59) frå Eidsvik i Haram kommune vart torsdag ettermiddag innstilt som rådmann i nye Ålesund kommune. Eidsvik er per i dag rådmann i Ålesund kommune.

PÅ TRÅDEN

Idar Siem, som slår graset ved Misjons- huset i Brattvåg, seier at han er oppgitt over at hundeeigarane ikkje kan ta med seg det hundane deira gjer frå seg der. – Det er kvar einaste gong eg skal slå. Det er ikkje noko kjekt, seier Siem.

NYHENDE 5

fredag 29. september 2017 • Nordre



LANDFAST Slik ser Hamnsundsambandet AS føre seg ein eventuell trasé frå Hamnsund til Store Kalvøy. Om Store Kalvøy Vel får det som dei vil, vert Hamnsundsambandet gåande i tunnel frå Kverve til Store Kalvøy og over bru og molo frå Store Kalvøy til Hamnsund. Illustrasjon: Nordplan

Samanliknar traseen med Atlanterhavsvegen

Velforeininga på Store Kalvøy vil hente inspirasjon frå Atlanterhavsvegen i utforminga av vegen mellom Hamnsund og Store Kalvøy i sitt høyringsutspel til Hamnsundsambandet.

Vegvesenet og Fylkesmannen er negative til naturinngrepa som vert gjort om Hamnsundsambandet vert lagt via Store Kalvøy, men bebuarane argumenterer med at inngrep i naturen kan opne nye moglegheiter for naturopplevingar.

– Dette er det einaste som vil sikre framtida til Store Kalvøy. Det var også store protestar på Atlanterhavsvegen før den vart bygd. Vi må sjå på moglegheitene naturinngrepa kan gi. Dei

som reiser får ei reiseoppleving mot å gå ned i ein undersjøisk tunnel og komme opp på Kverve, seier Asbjørn Schjelderup, leiar av Store Kalvøy Vel og styremedlem i Hamnsundsambandet AS.

Ei reiseoppleving

Store Kalvøy har fem husstadar og elleve fastbuande, i tillegg til fleire fritidsbustadar. Ifølge Schjelderup er trafikken til og frå øya betydeleg på ferje og hurtigbåt. Med Nordøyvegen ferdig bygd er tilboda usikre for øysamfunnet.

– Det er Haram kommune si oppgåve å ta vare på dei på Store Kalvøy. Vi mistar ferjetilbodet når Nordøyvegen kjem, og det er usikkert kva tilbod vi då får med hurtigbåten. Nordøyruta med hurtigbåt vert ikkje som den er i dag. Det einaste

som vil sikre på sikt, er å bruke alternativ E1A, seier Schjelderup.

Fylkesmannen hadde innvendingar mot å legge vegen via Store Kalvøy, både på grunn av naturinngrepa og lita befolkning på øya.

– Fylkesmannen si innvending på miljø er gjort klar i fleire rapportar. Liknande vart også diskutert før Nordøyvegen vart godkjend. Vi ser Hamnsundsambandet som ein del av Nordøyvegen. Det vil vere fint å kunne gi ei reiseoppleving for dei som reiser vidare nordover, seier Schjelderup.

Nesten lik pris

Eit argument velforeininga nyttar, er at totalkostnaden for begge trasévala er nesten heilt lik. Totalkostnad for E1A, Kverve–Store Kalvøy–Hamnsund,

er rekna til 2 065 500 000 kroner. Totalkostnad for E1B, Kverve–Hamnsund, er rekna til 2 099 400 000 kroner.

«Kommunedelplanen viser at det er lite som skiller de to alternativene, både når det gjelder pris, kjøretid, miljø – felles for begge er at det er ingen som kommer dårligere ut som følge av tiltaket. Begge de framlagte alternativene vil være viktig for å styrke lokalt næringsliv, utvide arbeids-, bosteds- og serviceregionen på en positiv måte» skriv velforeininga i uttalen.

KRISTOFFER ANTONSEN
kristoffer@nordrenett.no

FAKTA

- ➔ Det er per i dag to alternativ til trasé for Hamnsundsambandet.
- ➔ E1A, som er hovudvalet til Hamnsundsambandet AS, vil gå i tunnel frå Kverve på Ellingsøy til Store Kalvøy. Frå Store Kalvøy til Hamnsund vil vegen gå via bru og molo. E1A vert 12,1 kilometer lang, med 2,8 kilometer av 8,1 kilometer som undersjøisk tunnell. E1A er rekna å koste 2 065 500 000 kroner.
- ➔ E1B vil gå med tunnel frå Kverve til Hamnsund. E1B vert 9,4 kilometer lang, med 4,8 kilometer av 8,4 kilometer som undersjøisk tunnell. E1B er rekna å koste 2 099 400 000 kroner.